



NMSK OG LUF

Retningslinjer og kontrollplan



1. MARS 2025
SYKKYLVEN KOMMUNE
Rådhuset, 6230 Sykkylven

Retningslinjer for utbetaling av NMSK (Næring og miljøtiltak i skogbruket) 2025.

Skogkulturen er det viktigaste i skogbruket for å sikre garden/skogeigedomen arealavkastning og samfunnet tilgang på tømmervirke. Like viktig er karbonbindinga i skogen for miljøet. Nmsk-forskrifta skal stimulere til investeringar saman med den gode skogfondsordninga og skattefordelane der. Både eigeninnsats og innleigd hjelp frå skogselskap til døme, kan få tilskott for tiltak og investeringar til skogkultur.

Statlege tilskotsordningar kjem i tillegg. Døme er tilskott for tettare planting og gjødsling m.m. Ta kontakt med skogbrukssjefen ved spørsmål.

Tiltak vert prioritert i denne rekkefølga:

Kode 120. Planting.

130. Suppleringsplanting

133. Ungskogpleie. (maksimum 1000kr/per da)

001. Fastmarksgrøfting.

101. Markriving.

100. Flatelydding før planting.

* Anna etter førehandsgodkjenning av skogbrukssjef.

Satsar for tilskott:

1. Minimum 30% og maksimum 50% ved planting/supplering etter granhogst.
2. Maksimum 70% ved planting etter lauv og furuhogst gitt treslagskifte til gran.
3. Maksimum 70% etter ungskogpleie eller flatelydding.
4. Maksimum 50% til fastmarksgrøfting og markriving, må førehandsgodkjennast av skogbrukssjef.
5. Tilskott til andre tiltak inntil 50% etter førehandsgodkjenning av skogbrukssjef.

Vilkår:

1. Det vert ikkje gitt tilskott for utplanting etter granhogst før 3 vekstsesongar med m95 plantetype.
2. Det kan verte gitt tilskott til planting før 3 vekstsesongar med 2 årig SA100 eller M60 plantetype med gransnutebeskytting på G20 og betre bonitetar.

Retningslinjer for tilskot til skogsvegar 2025

Fastsett med visning til «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket».

Krav til veganlegget:

- Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal det føreligge ein byggjeplan godkjent av kommunen.

Vilkår:

- Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging. Det skal vere planlagt velteplassar.
- Lønnsemdsberekning skal minimum innehalde økonomisk resultat av vegbygginga ut i frå forventa inntekter av tømmer i vegens dekningsområde fråtrekk driftsutgifter og vegkostnadar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltaka, jf. § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet med tiltaka.

Prioriteringsgrunnlag for tilskot:

- Ved prioritering av søknader vert det vurdert om vegen er planlagt i tråd med hovudplan eller foreløpig hovudplan. Skogsbilvegar blir prioriterte framfor traktorvegar.
- Skogsvegar som ikkje gir grunnlag for rekningsvarande drift på kort eller lang sikt, inkludert vegens byggekostnadar, skal normalt ikkje tildelast tilskott.
- Løysing av flaskehalsar, snuplassar og tiltak for å få tømmerbil av offentleg veg prioriterast.
- Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløysingar. Skriftleg fellestiltak avtaler må framleggast med tanke på bruk og vedlikehald. Krav om att veganlegget kryssar fleire eigendomar som er med på prosjektet.
- Det vert vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet, nært føreståande, framfør på lang sikt.
- Skogsvegar i LNF - områder i kommuneplanens arealdel går framfor områder med kombinert LNF og andre arealformål i dekningsområde.
- Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vegar.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad på skjema SLF-903 skal sendast kommunen for kontroll og prioritering.
- Søknadsfrist for første tildelingsrunde er 15. mars. Etter dette vert det eventuelt fortløpande vurdering av innkomne søknader, dersom det er att midlar.
- Skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling av tilskot.
- Kommunen har ansvar for kontroll av at byggjearbeidet er gjennomført i tråd med føresetnadane, godkjenning av byggjearbeidet og sluttretkeskap.
- Kommunen skal følgje opp vilkår som er sett, og i samarbeid dialog med Statsforvaltaren setje i verk naudsynte tiltak.

Tilskotssatsar:

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 55 %. Fellestiltaksprosjekt inntil 60%.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 65 % tilskot med bruk av frittstående planleggar og byggeleiar.

- Dekningsområde som også har andre formål enn LNF vil få lågare tilskottsats enn områder som berre har LNF – områder etter kommuneplanens arealdel.
- Lassbærarveg/Traktorveg kl. 7: inntil 20-40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.
- Støtte til dekking av kostnader ved innleie av hjelp til vegplanlegging/byggeleing– lik sats som tilskot til vegbygging.
- Ved ei samstemt skogforvaltning kan det unntaksvis løyvast særskild ulempestilskot i samband med naturfare/klimatilpassing/sikring før og etter drift.

Retningsliner for tilskot til taubanedrift, o.a. i 2025

Fastsett med vising til «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket».

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubane-/ slepebanedrift/ hjelpevinsj.
- Drift av glissen skog på høg bonitet. Krev skifte til treslag som utnyttar produksjonsevna.
- Anna etter godkjenning av skogbrukssjef

Vilkår:

- Taubanedrift skal berre prioriterast der drift med hjelpevinsj/t-winsch ikkje kan gjennomførast. Prissetting etter taubanekalkulator må leggest fram.
- Hogst må tilpassast i naturfareområder med omsyn for å ikkje auke naturfaren. Pefc stiller også krav. Tiltakshavar/skogselskap må ta ansvar for dette når det er aktuelt.
- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen og utskrift av **hogstmaskinfil**er for alle tilskott.
- Kommunen skal varslast ev. førehandsgodkjenne alle tiltak. (Minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot i botn av dette dokumentet)
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk.
 - Vilkår om forynging ved løyving av tilskot
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast.

Søknad, sakshandsaming og utbetaling:

- Søknad digitalt via www.altinn.no/skogfondskonto eller på skjema SLF-916 skal nyttast og alle tilskott må avklarast med skogbrukssjef før i igangsetting av tiltak. Søknadar i etterkant vert ikkje prioritert eller vert avslått.
- Fortløpande behandling av søknadar, dette fordrar betre planlegging og innmelding.
- Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.

Tilskotssatsar:

- Taubanedrift furu og lauv: inntil 800 kr/m³
- Taubanedrift gran: inntil 240 kr/m³ hogstform må vere tilpassa for naturfare, tynning og verneskoghogst (stripe-kant/wagner og godkjent lukka hogstform eller smågruppehogst).
- Taubanetilskottet vert satt som maksimum 7200kr per dekar.
- Drift av glissen skog på høg bonitet : inntil 100 kr/m³ for furutømmer med vilkår.
- Ved treslagsskifte, inntil 200 kr/m³ for hogst av lauv.

Indre Sunnmøre Skogbruksdistrikt

Maksimalt to av tilskotsordningane kan kombinerast.

Det vert ikkje løyvd tilskot til skogsdrift der bestandsalder er lågare enn:

Bonitet	Lågaste hogstalder
G23	60
G20	65
G17	75
G14	80

Alderskrav kan fråvikast av helsemessige eller andre orsakar, ved vurdering og godkjenning frå skogbrukssjef.

Risikovurdering ved uttak av søknader for kontroll til NMSK

Definisjoner

Sannsyn

Sannsyn for feil i ulike tiltak.

Konsekvens:

Konsekvensar av feilutbetaling for søkjar (økonomisk og juridisk), rettstryggleik (ulik handsaming av like tilfelle), tap av omdømme for ordninga i samfunnet.

Risiko

Sannsynet for feil og konsekvensen av feil i form av omdømetap, feilutbetaling, ulik handsaming.

Risikovurdering:

Risikovurderinga er sannsynet for at ein situasjon oppstår multiplisert med konsekvensen av at dette:

$$\text{Risiko} = \text{sannsyn} \times \text{konsekvens}$$

jf. figuren nedafor:

	Moderat	Høg	Høg	Høg
Konsekvs	Låg	Moderat	Høg	Høg
	Låg	Låg	Moderat	Høg
	Låg	Låg	Låg	Moderat
		Sannsyn		

Når det gjeld sannsynet for feil, skal ein vurdere kva for tiltak og tilhøve som utgjer høgast risiko.

Rutinar for handsaming av søknader før og etter kontroll

Omfang er minst 3 feltkontrollar eller min. 5% av søknadsmasse.

Indre Sunnmøre Skogbruksdistrikt

Sakshandsamar skal gå gjennom søknadene før kontrollen i felt for å sjekke slik at disse får spesiell merksemd under kontrollen i felt. Kontrollen utførast før utbetaling

Sakshandsamar skal bruke ØKS i handsaminga av søknadar som kjem inn frå søkjar eller vert sendt ut slik at all kommunikasjon (E-post, telefon, SMS eller andre medium) mellom søkjar og sakshandsamar i samband med gjennomgangen er dokumentert i ettertid. Kontrollresultatet førast i ØKS.

Alle skogsvegar skal kontrollerast etter 5 år for vedlikehaldsplikt ved statsbidrad.

Prioriteringar ved kontroll av tilskot til skogkultur og utbetalningar frå skogfond:

Fargeindikator	Tyding	Konkrete risikoindikator
Raud	Kommunen skal gjennomføre feltkontroll.	<ul style="list-style-type: none">- Tiltak som har total kostnad over 50 000 kr.- Treslag skifte og oppad planting.
Gul	Kommunen skal vurdere å gjennomføre feltkontroll.	<ul style="list-style-type: none">- Eige arbeid.- Ungskogpleie med flater over 20 dekar.- Suppleringsplanting.- Grøfting/ringbarking.
Grøn	Kommunen treng ikkje å gjennomføre feltkontroll med 5 %-kravet ikkje er oppfylt.	<ul style="list-style-type: none">- Kun stikkprøve kontroll, dersom det ikkje finnes saker/tiltak som havner på gult/raudt.

Klagehandsaming

Vedtak fatta av kommunen kan klagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vedtak fatta av Statsforvaltaren som førsteinstans kan klagast til Landbruksdirektoratet.

Figuren nedanfor viser ein matrise for handsaming av klager.



Lover og regelverk

FOR-2004-02-04-447 Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

LOV-2005-05-27-31 Lov om skogbruk (skogbrukslova)

Retningslinjer for utbetaling av NMSK (Næring og miljøtiltak i skogbruket) og luf (dette dokumentet).